



# LOKAL RETTLEIINGSORDNING FOR NYUTDANNA BARNEHAGELÆRARAR

## Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått ein avtale om å arbeide målretta for at nyutdanna i barnehage og skule skal få tilbod om rettleiing. Det er barnehageeigar som har ansvar for at ivaretakinga av nyutdanna barnehagelærarar skjer på ein god måte. Rettleiing og kompetanseutvikling er ein del av dette ansvaret. I Sykkylven kommune skal det vere ei felles rettleiingsordning som omfattar både private og kommunale barnehagar. Dette samarbeidet skal sikre ein god overgang frå utdanning til yrke for alle nyutdanna barnehagelærarar.

Følgjande definisjonar/omgrep gjeld i Sykkylven:

- **Nyutdanna nyttilsett barnehagelærar:** Ein barnehagelærar i dei to første åra etter fullført grunnutdanning, som er tilsett fast eller midlertidig i barnehagen
- **Kvalifisert rettleiar:** Ein barnehagelærar som har minst tre års erfaring, nødvendig fagleg kompetanse og formell rettleiarkompetanse (mentor- eller praksislærarutdanning)
- **Rettleiing:** Ein planlagt og systematisk prosess som vert gjennomført individuelt og/eller i gruppe
- **Rettleiingsordning:** Eit kvalitetsmessig tilbod som er forankra lokalt på eigar- og verksemdsnivå, og som omfattar alle nyutdanna nyttilsette barnehagelærarar

## Organisering

I Sykkylven er det fleire barnehagelærarar som stettar kravet til å vere *kvalifisert rettleiar*. Desse er tilsette både i private og kommunale barnehagar. Før kvart nytt barnehageår må det avklarast kven som tek på seg oppgåva med å vere rettleiar for nyutdanna nyttilsette.

Alle barnehagane i kommunen, både private og kommunale, sender inn melding til rådgjevar barnehage om nyutdanna i sin barnehage innan 15. august. Samla liste vert sendt ut til styrarane umiddelbart, som saman med rådgjevar førebur rettleiinga. Dersom det vert tilsett fleire gjennom året skal desse meldast inn fortløpande. Den første samlinga skal vere i september, der rettleiar (evt rettleiarar) møter saman med den/dei nyutdanna.

### Generelle rammer:

- Arbeidsgjevar har ansvar for å legge til rette for at den nyutdanna får delta i rettleiinga på ein god måte
- Styrar har ansvar for at alle nyutdanna får tilbod om rettleiing
- Det skal gjennomførast 6 grupperettleiingar à to timar i løpet av eit barnehageår
- Rettleiinga skal skje innanfor den ordinære opningstida i barnehagen

- Det bør vere maksimalt 6 nyutdanna per rettleiar/per gruppe
- Dersom det er få nyutdanna eit år, kan ein vurdere å utsetje rettleiinga til året etter
- Rettleiar er ansvarleg for å kalle inn til samling/rettleiingar og finne møtestad. Møtestaden kan til dømes rullere mellom barnehagane der dei nyutdanna jobbar. Også rådhuset kan nyttast
- Styrar er ansvarleg for å følgje opp rettleiinga i den enkelte barnehage
- Ein skal så langt det er råd unngå at tilsette i same barnehage kjem i same rettleiingsgruppe

#### **Rettleiarane:**

- Rettleiaren pliktar å halde seg fagleg oppdatert. Dette inkluderer kunnskap om rettleiing og kunnskap om overgangen frå utdanning til yrke
- All førebuing (inkludert organisering og køyretid) og rettleiing skal gjerast utanfor rettleiaren si ordinære arbeidstid
- Omfanget av rettleiars bruk av tid er 10,5 timar førebuing og 12 timar rettleiing
- Førebuing og rettleiing blir kompensert med tre heile dagar avspasering der barnehagen får leige inn vikar
- Kvar rettleiar får ei godtgjersle på kr 10 000,- (skal indeksregulerast kvart år)
- Dersom rettleiar vert sjukmeld og rettleiing ikkje kan gjennomførast vil godtgjersle og avspasering falle bort

#### **Økonomi:**

- Barnehagane vert fakturert for kr 2000,- per deltakar (indeksregulerast kvart år)
- Barnehagane dekker sjølve for innleige av vikar for dei nyutdanna
- Kommunen dekker for innleige av vikar når rettleiar avspaserer

## **Innhald**

Det er viktig at dei nyutdanna kan vere med og påverke innhaldet, og rettleiinga skal difor ta utgangspunkt i dei nyutdanna sine utfordringar og behov.

#### **Første samling:**

- Etablere kontakt
- Å vere nyutdanna – korleis opplevast det?
- Kartlegge behov hos den enkelte nyutdanna
- Leiarrolla
- Korleis arbeide med eiga profesjonsutvikling?
- Planlegge og velje tema/arbeidsformer for vidare samlingar

#### **Aktuelle tema vidare:**

- Leiarrolla
- Leiing av barnegrupper
- Foreldresamarbeid
- Samarbeid med kollegaer
- Relasjonskompetanse (barn/barn – barn/vaksen – vaksen/vaksen)
- Konflikthandtering
- Tidspress
- Barn med særskilde behov

## Målsetjing

Barnehagelærarar kan oppleve dei første åra i yrket som krevjande. Rettleiingsordninga skal sikre best mogleg overgang mellom utdanning og yrke, og skal bidra til å rekruttere og behalde dyktige barnehagelærarar i barnehagen. Tryggleik, trivsel, tru på egne evner og støtte i profesjonsutviklinga skal stå i fokus. I stillingsannonser bør informasjon om oppfølging/rettleiing av nyutdanna takast med for å tiltrekke søkjarar til stillingar i vår kommune.

Den første tida i yrket er svært viktig for utviklinga av ei profesjonell barnehagelærarrolle. Kvalifisert rettleiing skal bidra til refleksjon over egne erfaringar, evne til å bruke desse erfaringane og setje dei i samanheng med kunnskap og verdiar som ein har med seg frå utdanninga. Rettleiinga skal bidra til å sikre samanhengen mellom barnehagelærarutdanninga og den vidare profesjonsutviklinga.

Nyutdanna barnehagelærarar skal også sjåast på som ein ressurs med oppdatert kompetanse som kan bidra til utvikling av profesjonsfellesskapet i den enkelte barnehage. Dei skal anerkjennast som bidragsytarar og få moglegheit til å dele sin kompetanse og innsikt på ein måte som inkluderer dei i det kollegiale fellesskapet. Å sikre kvaliteten i barnehagane er eit overodna mål.

## Evaluering

Rettleiingsordninga og rutinene kring denne skal jamleg evaluerast av rettleiarane, dei nyutdanna, styrarnettverket og barnehagemyndigheita i kommunen. Justeringar/korrigeringar skal skje i tråd med denne evalueringa. Arbeidet med rettleiing vil vere i kontinuerleg utvikling.

Vedteke i styrarnettverk 03.12.2019

Vedteke i Levekårsutvalet 04.02.2020